

Smigrande samspel for Vegard

11.07.2014

Sundag vert det eit nytt høgdepunkt i musikk-karrieren til Vegard Døssland frå Uskedalen. Under ein konsert i Fjelberg kyrkje skal han spela fleire nummer saman med stjernepianisten Ingrid Andsnes. Det må karakteriserast som eit svært smigrande oppdrag. Det deltek også ein annan pianist, Edvard Zahl Petersen frå Stord.

Konserten tek til klokka 14 og det er grunn til å tru at det vert godt besøk i kyrkja frå 1722 som har 150 sitteplassar.

Vegard har stadig lagt musikalske alen til sin vekst og no skal han altså spela saman med ein av dei fremste pianistane i landet som har vunne både nasjonale og internasjonale prisar. Ho er født i 1978 og syster av den truleg fremste pianist i landet - Leif Ove Andsnes.

Ho har samarbeida med mellom andre Solveig Kringlebotn, Håvard Gimse, Arve Tellefsen og Det Norske Solistkor. Allereie for 4 år sidan fekk ho strålande kitikk for innspilling av Mozarts klaverkonsert n. 12 i A-dur.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen